

Til
Styret ved NTNU i Ålesund

Kopi til

LÆRINGSMILJØUTVALET (LMU) SIN ÅRSRAPPORT OM HIÅ SITT ARBEID MED LÆRINGSMILJØ I 2015

1. Rolle for LMU ved Høgskolen i Ålesund (HiÅ)

Læringsmiljøutvalet (LMU) er eit rådgivande utval og skal bidra til at §4-3 *Læringsmiljø* i Lov om universitet og høgskular vert følgt. LMU er satt saman av like mange tilsette og studentrepresentantar. Leiarvervet i LMU vekslar mellom tilsette og studentrepresentantane. Fram til hausten 2015 hadde høgskuledirektør leiarvervet. Frå hausten 2015 har studentane leiarvervet, dette gjeld for studieåret 2015/2016. Studentrepresentantane vert valt inn i LMU av Studentparlamentet, medan dei tilsette i LMU vert oppnemnt av rektor i perioden 2014-2017 (fire år).

Det vart arrangert fem møter i LMU i 2015 (22.01.15, 24.03.15, 25.08.15, 27.10.15 og 08.12.15).

Våren 2015 var LMU satt saman på følgjande måte:

- Roar Tobro (representant for fagtilsette, leiar), Øyvind Edvardsen (vara for fast medlem)
- Mark Pasquine (representant for fagtilsette)
- Bente Alm (representant for fagtilsette)
- Adrian Loftfjell (studentrepresentant)
- Gjermund Kvernmo Langset (studentrepresentant)
- Karina Kvalsund (studentrepresentant)
- Julie Rogne (studentrepresentant - vara)
- Tom Christian Svendsen (studentrepresentant - vara)
- Marielle Ryste Hauge (sekretær)

Hausten 2015 vart samansettinga av studentrepresentantar i LMU endra:

- Gjermund Kvernmo Langset (studentrepresentant, leiar)
- Roar Tobro (representant for fagtilsette), Marianne Vinje (vara for fast medlem)
- Mark Pasquine (representant for fagtilsette)
- Bente Alm (representant for fagtilsette)
- Stine Nordbø (studentrepresentant)
- Jone N. Knoph (studentrepresentant)
- Amanda Giske (studentrepresentant - vara)
- Karoline Bank (studentrepresentant - vara)
- Marielle Ryste Hauge (sekretær)

2. Hovudtema for arbeid med læringsmiljø i 2015

2.1 Opptaksrammer og romkapasitet ved HiÅ

Det totale opptakstalet til årsstudium og bachelorprogram ved HiÅ gjennom Samordna opptak auka med seks prosent i 2015 samanlikna med 2014. Den øvre grensa for romkapasiteten er i ferd med å bli nådd. Knapp tilgang på areal til undervising gjorde at det i 2015 vart laga og vedtatt nye retningslinjer for rom og timeplanlegging for å betre bruken av undervisingsromma. LMU er bekymra for romkapasiteten og rådar leiinga til å ikkje auke opptakstalet ytterlegare i 2016. Det må først bli auka kapasitet på undervisings- og grupperom/lese- og arbeidsplassar for å gi studentane eit betre læringsmiljø. NTNU i Ålesund vil frå 2017 leige nye lokale til dei

HØGSKOLEN I ÅLESUND

maritime utdanningane i eit nybygg i NMK2. Flyttinga av desse utdanningane, med tilhøyrande simulatorar og kursverksemd, vil samstundes frigjere areal til undervisningsrom i hovudbygget.

2.2 Luftkvaliteten ved HiÅ

Arbeidet med betre luftkvaliteten i undervisningsromma held fram. Det har kome fleire klager på dårleg luft hausten 2015, og drift har gjennomført luftmålingar. Noverande luftanlegg er dimensjonert for mindre studentmasse enn det vi har i dag, og har kapasitet til å dekke 75 prosent av behovet. Grunna avtalen med Statsbygg må NTNU i Ålesund dekke utbetringar av eige budsjett. Det vil bli installert nytt luftanlegg til auditorium som ligg i B-blokka, dette vil frigi kapasitet i eksisterande til å dekke resten av blokka 100 prosent. Dersom dette fungerer kan tilsvarande løysingar bli installert i dei andre blokkene.

2.3 Satsing på e-læring og pedagogikk

Ei eiga satsing på e-læring vart starta opp i 2015. Kari Anne Flem Rører vart tilsett som prosjektleder i e-læring for å auke kompetansen og bruk av e-læringsverktøy. Det har også blitt gjennomført forsøk med digital eksamen, med tilhøyrande teknisk tilrettelegging for dette. Grupperom F410 er oppgradert til e-læringsrom med opptaksstyr. Dette gir fagmiljøa moglegheit til å leggje ut kortare opptak til bruk i undervisninga, som vert distribuert via Fronter til studentane. Ved Avdeling for internasjonal business (AIB) vart det på eitt av emna hausten 2015 gjennomført digital undervisning i eit emne, med positive tilbakemeldingar frå studentane. Tilsvarande skjer det ulike pilotprosjekt med e-læring også i andre fagmiljø.

2.4 Studentuhell

I 2015 vart det rapportert inn to uhell i samband med laboratoriearbeid. Begge vart rapportert inn og følgt opp vidare etter gjeldande rutine.

2.5 Fusjon med NTNU og nytt mandat for LMU

Grunna fusjonsprosessen mellom NTNU, HiG, HiST og HiÅ har det blitt laga eit forslag til nytt mandat for LMU. Det vert eit sentralt LMU ved NTNU, med to underutval ved NTNU i Gjøvik og NTNU i Ålesund. Underutvala skal arrangere møte seinast to veker før LMU sentralt, og ei statusoppdatering frå underutvala skal vere fast post på programmet til møta for det sentrale LMU. Underutvala skal ha følgjande oppgåver:

- Sikre kontakt mellom studentar og lokal leiing ved å følgje opp oppgåver knytt til læringsmiljø og bidra til at lokale tiltak vert satt i gang.
- Dokumentere arbeidet til utvalet og rapportere til LMU og lokale leiingsnivå i tråd med kvalitetssystemet.

Mandatet vert lagt fram for styret ved NTNU i januar 2016 for godkjenning og vedtak.

2.6 Universell utforming

Statsbygg og HiÅ starta hausten 2015 opp eit felles prosjekt med oppgradering av lokale til høgare standard. Det er blant anna gjennomført merking av undervisningsrom med teleslynger.

2.7 Elektronisk avvikssystem

Det elektroniske avvikssystemet mottok i 2015 totalt 13 tilbakemeldingar. Majoriteten av meldingane handla om dårleg ventilasjon, kommunikasjon og spørsmål om eksamensavvikling. Alle meldingane vart følgt opp og med korrigerande tiltak. Årleg rapport vert normalt lagt ved kvalitetsrapporten.

2.7 Felles læringsmiljøundersøking og Studiebarometeret

Det vart gjennomført felles læringsmiljøundersøking blant studentane ved NTNU, HiST, HiG og HiÅ hausten 2015. Det vart sendt ut lenke til undersøkinga til alle studentar, inkludert internasjonale, med unntak av førsteårsstudentar som starta hausten 2015.

Studiebarometeret, nasjonal studentundersøking om studentar sitt syn på kvalitet i studieprogram ved norske høgskular og universitet, vart gjennomført i regi av NOKUT hausten 2015. Undersøkinga vart sendt ut til alle 2. årsstudentar på bachelor og master.

Tiltak og noverande saker

I 2015 har det blitt gjort følgjande tiltak:

- LMU handsame forslag til nye retningslinjer for klednad (inkl. ansiktsdekkande hovudplagg). Retningslinjene vart vedtatt i styremøte i mars. Retningslinjene vart lagt ut på nettsidene for informasjon til studentar før søknadsfristen 15. april.
-

HØGSKOLEN I ÅLESUND

- Det er lagt inn krav om pedagogisk utdanning ved tilsetting av undervisningspersonell. Fagleg tilsette utan pedagogisk utdanning kan søkje studieutvalet om støtte til å ta emne i pedagogikk.
- Det er kjøpt inn og plassert lesegrupper i vringlearealet. Temperaturen i vringlearealet er noko auka etter bygging av sluser i inngangspartia, og har ført til meir bruk av vringlearealet i perioden frå vår til haust.
- LMU og NAV vart etter invitasjon frå Fadderansvarleg invitert til å stå på stand i vringlearealet for å synleggjere moglegheitene for hjelpemiddel frå NAV.
- Studentservice har fått ny kontaktperson for tilrettelegging for studentar, Heidi Hansen Ulstein. Ho deltek i samarbeidsgruppa med NAV saman med studiedirektør, dette vil også halde fram i 2016. Det er satt av pengar for større bruk av Mentorordning for studentar som treng dette.
- Lesesalen vart gjort døgnopen for eksamensperioden hausten 2015, dørene kunne opnast med studentkort. Tilsvarande vart Gymsalen innreia og reservert til gruppearbeid for studentane dei siste tre vekene før eksamen.

Følgjande saker har vore oppe i LMU i løpet av 2015, og vil bli tatt vidare til neste periode:

- Retningslinjer for konflikthandtering mellom studentar. Det har blitt henta inn informasjon frå universitet og høgskular som jobbar med dette. Retningslinjene må bli inkludert i kvalitetssikringsprosedyren for naudsynt forankring.
- Ny ordning for evaluering av emna. Som ein del av fusjonsprosessen er det ny ordning for evaluering av emna, der alle emna som vert undervist skal evaluerast av ei referansegruppe.

3. Råd til leiinga ved HiÅ frå LMU

- 1) LMU tilrår at arbeidet med høgare standard innan universell utforming og betring av læringsmiljøet for alle studentar held fram.
 - 2) LMU tilrår at satsinga på e-læring held fram og pedagogikk held fram, for slik å gjere undervisinga endå betre.
 - 3) LMU tilrår at resultatet frå studentundersøkingane vert følgt opp i fagmiljøa for å betre kvaliteten på studietilbodet og undervisinga på desse.
-